

OPPSUMMERING FRÅ FOLKEMØTE OM KOMMUNEPLAN.

Tid: 18.04.17.

Stad: Granvin kulturhus.

Tema: Seljord i vekst.

Møteleiar: ordfører Halfdan Haugan.

Innleiar: Knut Vareide, Telemarksforskning.

Tal på frammøtte: 30

Viktige utfordringar for temaområdet Seljord i vekst vil vere:

- Korleis Seljord kommune kan vere ein attraktiv kommune for næringslivet slik at ein kan få til vekst og auke i tal på arbeidsplassar.
- Korleis ein kan betre attraktiviteten som bustadskommune slik at fleire flyttar til kommunen.
- Korleis kan Seljord kommune vere ein motor i ei auka regional satsing.

Innleiinga til Knut Vareide- hovudmoment.

- Attraktivitet og kor viktig dette er for at ein kommune skal lykkes.
- Kva er attraktivitet og kvifor lykkast nokre kommuner og andre ikkje.
- Attraktivitet handler om kvalitetar i eigen kommune, for næringsliv, besøkande og for å bu. I tillegg må nokre underliggjande strukturelle faktorer vere på plass.
- Men attraktivitet kan føre til auka vekst meir enn desse underliggjande faktorane skulle tilseie.

Vareide gjorde ei analyse av Seljord og korleis det har gjenge for kommunen, når det gjeld næringsliv og innbyggjertal.

- Vekst fram mot 2008, etter det har det stagnera og gjenge nedover når det gjeld arbeidsplassar. Men utviklinga i dei andre kommunane i regionen har vore endå meir negativ.
- Seljord er blant dei ti største kommunane i landet når det gjeld besøksnæringar.
- Innbyggertalet har vore stabilt dei siste åra.
- Det er fleire som dør enn dei som blir fødd. Difor er kommunen avhengig av innflytting for å halde innbyggjartalet oppe
- Heile Telemark er prega av nedgang, med unnatak av Notodden, som får innflytting frå Kongsbergregionen, som er ein region i vekst.
- Bustadattraktiviteten har betra seg dei siste åra, mens næringsattraktiviteten har gjenge ned. Dette syner at både attraktivitetsdimensjonane er viktig for vekst.

Korleis skape attraktivitet?

- Det fins inga oppskrift på dette. I så fall ville alle kommunane følge denne oppskrifta, noko som ville bety at ingen likevel ville klare å auke sin attraktivitet.

- For å lykkast må ein vere fyst og i front av ei utvikling.
- Ingen er attraktive for noko dei har eller er, det er forandringa som skaper attraktiviteten.
- Ein må forandre noko, finne på noko nytt, forbetre.

Kva skal til og kva må vi forandre?

- Viktige faktorar er areal og bygningar, ameniteter, omdømme og stedlig kultur/identitet.
- Men dette er «må ha faktorer» noko som ikkje er tilstrekkelig i seg sjølve.
- Hvis dette er på plass er ein likevel berre «middels»
- For å komme over middels nivå må ein ha ein X-faktor i tillegg, ein eller fleire.

Vareide trakk fram Drammen som eit døme og deira byfornyingsprogram for nokre år tilbake. Dei forandra heile byen, noko som gav sterk vekst for ein periode på 3-4 år, men etter det tilbakegang. Noko som tyder at ein heile tida må endre seg for å få til vekst og halde fram med vekst.

Ein må lykkast i å skape ein utviklings- og endringskultur for å auke attraktiviteten.

Ein grunnleggjande føresetnad for å få til dette til er tillit og samarbeid i fylgjande fem dimensjonar:

1. Politikarar med kvarandre- politisk semje på tvers.
2. Politikarar og administrasjon må fungere.
3. Tillit mellom kommune og næringsliv
4. Næringslivet på staden må ha tillit til hverandre, godt samarbeid, næringsklynger
5. Tillit mellom kommune og folket/frivillig sektor. Elles greit med tillit til besøkende, hyttefolk, nabokommuner samt fylkeskommune, innovasjon Norge og fylkesmann.

Alle må trekke mot felles mål for å lykkast.

For ein meir heilskaplig informasjon om innhaldet i foredraget til Knut Vareide, sjå powerpoint-presentasjonen som han bruka.

Etter Vareide si innleiing vart dei frammøtte dela inn i 6 grupper som jobba med fylgjande gruppespørsmål:

- Korleis skal Seljord bli ein meir attraktiv stad og bu og vekst i tal på innbyggjarar?
- Korleis skal Seljord bli meir attraktiv for næringslivet og få fleire arbeidsplassar?

Kvar gruppe valde ein leiar som til slutt i plenum presentera hovudpunkt frå diskusjonen i dei respektive gruppene.

Stikkordsmessig oppsummering frå gruppe 1:

- Bustadvekst krev fine tomter, ulike typer leiligheter baa rekke, einestader m.v.
- Ein god symjehall og varierte aktivitetstilbod heile året.
- Næringsutvikling krev tomter til næringsbygg, tilgjengelege næringslokaler
- Viktig med god rådgjeving frå kommunen, som grunder-/starthjelp for bedrifter
- I små kommuner har folk fleire hattar og roller. Få til interkommunalt samarbeid når det gjeld rådgjeving og bistand frå kommunen, slik at ein kan bygge meir omfattande kompetanse/spisskompetanse.
- Viktig å framsnakke nye initiativ/bedrifter.

- Samarbeid på tvers av bransjer- fleire må bidra internt i næringslivet. Mykje arbeid og ansvar faller på få personar.
- Ein bør søke om å få søndagsåpne butikkar i sommarhalvåret.
- Ein bør jobbe for å etablere eit stort kjøpesenter i kommunen, som kan trekke folk frå ein større region.
- Det bør etablerast eit «sjøormmuseum» i kommunen, som attraksjon.

Stikkordsmessig oppsummering frå gruppe 2.

- For å få til bustadvekst må kommunen vere lydhøre for kva folk vil ha, korleis dei vil bu, til dømes er det behov for litt større tomter, avstand til sentrum er viktig m.v.
- Ha fokus på hyttemarkedet
- For næringsutvikling må ein unngå at folk får ein negativ følelse i møtet med kommunen.
- Viktig at folk med innovative idear vert positivt motteken av kommunen. Kommunen har ein viktig rolle her som til vanleg er den fyste ein møter.

Stikkordsmessig oppsummering frå gruppe 3.

- Infrastruktur må være i orden, tomter og andre ressurser tilgjengeleg for å starte opp.
- Kommunens tjenestetilbud er viktig
- Framsnakke det vi har som er bra, og som kan trekke folk,
- Det gjeld til dømes gode skuler, barnehageplassar m.v. Dette bør framsnakkast.
- Bruke media til dette for å få budskap fram.
- Når det gjeld næringsliv- at vi trekk i same retning, ynskjer kvarandre godt, og bruker kvarandre til å skape ny vekst.
- Kommunen må jobbe for å få til ein enda betre dialog inn mot næringslivet
- Haldningen frå kommunen må vere: Kva kan vi gjere for dykk?

Stikkordsmessig oppsummering frå gruppe 4.

- Når det gjeld bustad- byggje ein prøvebustad
- Ha grunnleggjande god infrastruktur, symjehall, bibliotæk, gang og sykkelstier m.v.
- Framsnakke Seljord. Bryte ned negative haldningar kring tomtene vi har.
- Sentrumsnære tomter er viktig.
- Leiligheter er også viktig, når eldrebølga kjem, då vil fleire bu enklare
- Når det gjeld næring- Seljord sentrum må sjå bra ut, asfalten må fornyast og vegane rustast opp
- Eit godt prosjekt som kan generere pengar utenfra.
- Status som trafikkknutepunkt bør gje mogelegheiter
- Viktig med god rådgjeving frå kommunen si side, hjelpe til med å bære fram gode idear.
- Etablering av Funnemark er ei gladhistorie og eit døme på vellukka tiltak i sentrum.

Stikkordsmessig oppsummering frå gruppe 5.

- For bustadbygging er det viktig med sentrumsnære tomter
- Må vere låg terskel for å dele frå tomter desentralt, litt større tomter utafor sentrum.
- Store tomter nå i sentrum, kanskje vi kan fortette litt der.
- Treng aAreal i sentrum for bustadformål- bør bli mindre restriktive i høve til ekspropiasjon.
- Viktig med fleire bustadtomter i sentrumsområdet.
- Småbruksprosjektet- mange småbruk er ikkje bebudde, eit prosjekt for å få fleire til å selge eller leie ut småbruk, evt. i samarbeid med andre kommunar.
- Bruke juridiske virkemiddel for å omdisponere frå hytte til bustad
- Det er fleire hytter i bustadområder- her kan kommunen sette restriksjonar.
- Viktig å reklamere for at vi har stamvegen, at vi snart får ny tunell, trekke folk frå dei attraktive områdene i øst til vår fordel.
- Blåse liv i ting som allerereie ligg her. Gullgruva i Dyrlandsdalen- nye opplevingar.
- Symjehall
- Halde liv i lag og organisasjonar og eit aktivt ungdomsmiljø i alle delar av kommunen
- Slik at dei unge kjem tilbake att til kommunen.
- Det er 90 folkehøgskoleelevar i Seljord som er begeistra og engasjere. Her ligg eit potensiale.
- Når det gjeld næring burde me hatt meir hytteutbygging.
- Det er mykje beiteareal som er ubruka
- Det er rom for meir storfeproduksjon
- Betre vegar gir moglegheit for ringvirkningar.
- Viktig med tilgjengelege næringstomter
- Teknologiparken må ikkje stoppe opp.

Stikkordsmessig oppsummering frå gruppe 6.

- Fleire typer bustader er viktig,
- Folk må få komme meg egne løysingar
- Når det gjeld næring er hyttebygging eit potensiale, sjå til Rauland
- Seljordsvatnet er unikt og må utnyttast både når det gjeld næring bustadbygging.
- Kommunen treng fleire produksjonsbedrifter- den siste som er her reiser snart..

I tillegg til stikkorda frå gruppearbeidet over, ligg det føre originalnotat frå gruppene. Desse er og kopiera og lagt på heimesida.

Til slutt på møtet hadde Reidar Engeset eit engasjere innlegg og kom med fleire idear til kva kommunen kunne satse på. Han meinte m.a. at det er eit stort potensiale for turisme og hyttebygging i kommunen. Han oppfordra også politikarane til å bruke arealplanen som eit viktig verktyg i å utvikle kommunen vidare.

Engeset har og levara eit skriftleg notat med sine tankar, som saman som også fins på kommunen si heimeside.

